

Frå 1. januar er det krav til ansvarsforsikring på El-Sparkesykkel og andre mindre små elektriske motorvogner

Fr 1. januar 2023 er det same krav til desse som for andre ordinære motorvogner. Det er Bilansvarslova (BAL) som regulerar dette. Etter BAL så er det uavgrensa ansvar ved personskade. Det vil sei at er du uheldig og køyrer på nokon, sjølv med ein liten truskyldig El- sparkesykkel, så har du ansvar for dette. Skulle uhellet medføra varig medisinsk invaliditet så kan det økonomiske kravet verta på millionar av kroner. Har du ikkje teikna forsikring er du personleg ansvarleg. Du risikerar med andre ord å sitja i botnlaus gjeld om du ikkje har teikna ansvarsforsikring.

Er brukar under 18 år er det foreldra som må teikna forsikring. Både brukar og eigar er ansvarleg for at forsikring er teikna.

Døme på utstyr er El- Sparkesykkel, EUC (Einhjuling), Ståhjuling, Sjølvbalanserende brett og Elektrisk skateboard (lista er ikkje uttømmmande).

Som ein forstår er ikkje dette lengre å sjå på som leiketøy, men utstyr som i bruk kan få store store økonomiske konsekvensar. 1. januar 2023 er ein viktig dato.

Ta kontakt med ein av oss i Voss Veksel- og Landmandsbank for å få ordna med lovpålagd trygd.

Banken er open frå kl 0900 til kl 1530, eller du kan ta kontakt på telefon.

(Me treng chassis- eller serienummer for å få teikna forsikringa)



Voss 23. desember 2022

Leidulv Finden

Leiar forsikring/Forsikringsansvarleg

 **Vekselbanken**
– ein god medspelar –

 **eika.** Ved din side